



Akasia  
Bjørns gate 1  
5008 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4423 - 14/12982

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
27.05.2014

## Løyve til utviding av gravplass og dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen - gbnr 202/79 Hjelmås

**Administrativt vedtak. Saknr: 089/14**

**Tiltakshavar:** Lindås Kyrkjelege Fellesråd  
**Ansvarleg søkjar:** Akasia  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utviding av Hjelmås gravplass med 163 nye kistegraver med tilhøyrande anlegg. Arealet for ny gravplass er opplyst å vera ca. 1,8 dekar.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, leidningsnett og støttemurar, samt opparbeiding av interne passasjar og veg.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel punkt 1.1.

Det vert elles vist til søknad motteke 24.04.2014 og supplert dokumentasjon motteke 22.05.2014 og 27.05.2014.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar i brev av 22.05.2014, der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel punkt 1.1.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 22.05.2014.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Ansvarleg s kjar og andre involverte f retak m  registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for   unng  gjentaking.

S knaden var komplett og klar for handsaming den 22.05.2014. Det er ikkje lovfesta tidsfrist for handsaming av saker som krev dispensasjon fr  gjeldande plangrunnlag etter pbl.   21-7.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til grav- og urnelund.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon fr  plankravet i kommuneplanens arealdel punkt 1.1, som gjeld eit generelt plankrav innanfor alle område som ligg innanfor bygg og anlegg i pbl   11-7 nr. 1.

Det er s kt dispensasjon med slik grunngjeving:

Planområdet der gravplassen skal utvidast er sett av til grav- og urnelund. Tiltaket det vert s kt om er s leis i overeinskomst med kommuneplanen. F remålet med reguleringsplan er at denne skal vise plassering av bygningar og anlegg, planerings- og bygningsh gder samt terrenghandsaming for   gje ein heilskap for området. S kjar viser til at planområdet er sv rt begrensa og at tiltaket ikkje g r ut over dei rammene som er fastsett i kommuneplanen. F remålet med krav om reguleringsplan vert etter s kjars vurdering ikkje tilsidesett sj lv om det vert dispensert fr  kommuneplanen.

Dispensasjonss knaden har ikkje vore oversendt andre mynde for uttale. Vedtaket vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

### **Uttale:**

Det er gjeve uttale fr  r dgjevar i gravplassaker v/ se Skr vset i brev datert 07.04.2014.

Ansvarleg s kjar har sendt skriv til kommuneoverlegen i Lind s kommune i brev datert 19.02.2014 for uttale til tiltaket. Uttale er ikkje motteke.

Bj rgvin bisped mmer d har godkjent tiltaket med heimel i lov om kirkeg rder, kremasjon og gravferd i vedtak datert 11.04.2014.

### **Nabovarsel**

Byggetiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl.   21-3. Det ligg ikkje f re merknader fr  nabo.

S knad om dispensasjon fr  plankravet er det s kt fritak for nabovarsling etter pbl   21-3.

Lind s kommune finn grunnlag for at gje fritak for nabovarsling av dispensasjonss knaden, d  ein ikkje kan sj  at naboane sine interesser vert r ka som f lgje av dette, jf. pbl   21-3 2.ledd.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan vedlagt s knad motteke 24.04.2014.

Tiltaket er plassert innafor arealf remålet grav- og urnelund i kommuneplanens arealdel.

### **Vatn og avløp (VA)**

I søknaden er det vist til at det går avløpsleidingar gjennom den nye delen av gravplassen. Driftsvegen vert lagt over desse leidingane, slik at det ikkje vert konflikt mellom avløpsleidningar og graver.

Ved utbygging av gravplassen, må handtering og arbeid i samband med offentleg leidningsnett gjerast i samråd med Lindås kommune v/teknisk drift.

I søknaden er det opplyst at slik dei nye gravplassane vert bygd opp, så vil det ikkje kome ut noko forureina vatn frå gravplassen.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Tiltaket gjev ikkje ny avkjøring til eigedommen. Det vert etablert intern køyreveg inn i det nye gravfeltet.

### **Terrenghandsaming**

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel punkt 1.1. Kommuneplanen er juridisk bindande, jf. pbl § 11-6.

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempe, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Omsynet bak plankravet er å for å sikre ei heilskapleg utbygging av området, samt at alle aktuelle interesser i området vert ivaretatt og vurdert.

Dette tiltaket gjeld utviding av gravplass. Området som skal takast i bruk ligg til eksisterande gravplass, og gir såleis ingen endra bruk av sjølve området. Arealet er i dag avsett til grav- og urnelund i kommuneplanen, slik at utvidinga ligg innanfor føremålet i planen.

Etter ei heilskapleg vurdering av det omsøkte tiltaket og dispensasjonssøknaden, meiner administrasjonen at det i denne saka ikkje er hensiktsmessig med ein reguleringsplan for tiltaket det er søkt om. Dei same omsyna som ein skal ivareta i ein planprosess er sikra gjennom byggesaka i denne saka.

På bakgrunn av dette finn administrasjonen at det ligg føre klare fordelar som taler for dispensasjon i denne saka.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel for utviding av gravplass med tilhøyrande anlegg.**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for utviding av gravplass med tilhøyrande anlegg på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteke 24.04.2014 [dato] med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:**

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Akasia	998880343	L	1	Ansvarleg søkjar
PRO	Akasia	998880343	L	2	Prosjektering av gravplass med gravfelt, terrengmurar, vegetasjon, interne vegar og infrastruktur
UTF	Vestafjell AS	938748624	S	2	Overordna ansvar for utføring

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: [flett inn arkivsak id]

## **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

## **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

## **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

## **Ferdigstilling**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

*Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.*

*Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.*

*Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.*

*Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:*

- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
- Avkjørsle til offentlig veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
- Rekkefølgekrev i reguleringsplan skal være oppfylt.
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.4	Dispensasjon frå plankrav	1	8.500
10.2.5	Konstruksjonar og anlegg	1	10.000
10.2.9	Godkjenning av ansvarsrett sentral godkjenning	1	1.000
10.2.9	Godkjenning av ansvarsrett lokal godkjenning	1	2.500
	<b>Totalt gebyr å betala</b>		<b>22.000</b>

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

## Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Bjørgvin bispedømmeråd	Postboks 1960	5817	BERGEN
Lindås Kyrkjelege Fellesråd	Nordnes Lonsvegen 1	5914	ISDALSTØ



**Mottakarar:**

Akasia

Bjørns gate 1

5008

BERGEN